



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
DORTHEHU	2020/3175	22174/2020	SA6	23.11.2020

Kunngjering- Vedtak i namnesak 2014/01- Stadnamn på Hardangervidda

Statens kartverk har gjort vedtak om skrivemåten av ein del stadnamn på Hardangervidda slik det går fram av vedlagde liste. Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn. Der det er både hovudnamn og eit undernamn, er det hovudnamnet som vil visast i kartet.

Kommunen syter med dette om at vedtaket er gjort kjent for partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Kartverket har motteke fleire brev frå Johan Vaa som alle gjeld skrivemåten og til dels plassering av ein del stadnamn på nokre av Kartverket sine kart som dekkjer Hardangervidda. Namnesaka vart reist for å fastsetja rett skrivemåte for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Ein vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Ein presiserer at lov om stadnamn regulerer offentleg bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg Kartverket difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen.

Klage

Vedtaket om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn.

Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er kome fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen.

Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen.

Statens Kartverk, Postboks 600 Sentrum, 2707 Hønefoss innan 01.02.2020

Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld. Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med helsing

Gry Åsne Aksvik
plan- og økonomisjef

Dorthe Huitfeldt
rådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1 Liste over vedtekne namn

Sendt til:

Johan Bojer Vaa	Totakvegen 282	3864	Rauland
Toril Nicolaisen/Rauland Historielag	Rjukanvegen 6	3864	Rauland

